

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 6-2015
Tid: Torsdag 19. november kl. 09:15 - 11:15
Stad: Solstrand hotel & bad, møterom

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Per Lerøy, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Tom Kristian Thorsen, Stian Herøy, Odd Harald Eide (varaordfører Gulen)
Rådmenn:	Jarle Landås, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Odd Ivar Øvregård, Reidun Halland, Svein Helge Hofslundsengen
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	
Forfall:	Hallvard Oppedal, Jan Olav Osen, Ørjan Raknes Forthun, Øivind Olsnes

Sak 43/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 44/15	Godkjenning, protokoll møte 5-2015 Møteprotokoll frå møte 5-2015 vart godkjent utan merknadar.
Sak 45/15	<p>Val av leiar og nestleiar til Regionrådet</p> <p>I fylgje vedtektene består Regionrådet i Nordhordland av ordførarane i medlemskommunane med varaordførarane som varamedlemmer. Regionrådet Nordhordland vel leiar og nestleiar på første møte i ny kommunestyreperiode. Vala gjeld for heile kommunestyreperioden.</p> <p>Valnemnda består av Reidun Halland (leiar) Nils Marton Aadland og Per Lerøy. Reidun Halland orienterte fyrst om arbeidet valnemnda hadde gjort, og kva vurderingar som var gjort i forhold til vurdering av kandidatar.</p> <p>Valnemnda sitt framlegg til leiar og nestleiar i Regionrådet for perioden 19. oktober 2015 til om lag 1. november 2019 (første møte etter ny kommunestyreperiode) var Per Lerøy som leiar og Karstein Totland som nestleiar.</p> <p>Regionrådet drøfta innstillinga og det kom fram ynskje om å kunne velja blant kandidatane. Karstein Totland vart fremja som leiar i tillegg til Per Lerøy. Karstein Totland fekk sju stemmer og Per Lerøy fekk to stemmer.</p> <p>Vedteke med 7 mot 2 stemmer: Karstein Totland vart valt som leiar av Regionrådet i Nordhordland for perioden 2016-2019.</p> <p>Samrøystes vedteke: Per Lerøy vart vald til nestleiar i Regionrådet i Nordhordland for perioden 2016-2019.</p>

<p>Sak 46/15</p>	<p>Uttale til Planprogrammet for Regional Transportplan 2018 – 2029 Forslag frå rådet sitt Nærings- og samferdsleutvalet til uttale til planprogrammet for Regional Transportplan Hordaland (RTP) 2018 – 2029 var sendt ut på førehand.</p> <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til uttalen, men gir Karstein Totland og Rune Heradstveit fullmakt til å gjera nokre endringar – bl.a. vurderer om ikkje Masfjordbrua og ferjedrift Leirvåg-Sløvåg vert nemnt nærare.</p>
<p>Sak 47/15</p>	<p>Kommunereform. Karstein Totland innleia og refererte frå møte i forhandlingsutvalet 5. november for Nordhordlandsalternativet.</p> <p>Forhandlingsutvalet vedtok då å fortsetja prosessen med å utgreia nærare Nordhordlandsalternativet. Dei kommunane som har meldt seg ut, vert invitert til å delta som fullverdige medlem, eventuelt som observatør i forhandlingsutvalet. Utgreiinga krev lite ressursar frå kommunane då ein har eigen prosjektleiar i NUI. Det er og dei same utgreiingane som må gjerast uavhengig av alternativ. Vidare meiner forhandlingsutvalet at det vil vera klokt å jobba vidare slik at ein bl.a. ser kva som ligg av endringar i inntektssystemet som Regjeringa legg fram i desember.</p> <p>Det var så ein runde rundt bordet der ordførarane kort gjorde greie for status i eigen kommune. Deretter drøfting. Fleire peika på at det kan vera klokt - uavhengig av samarbeid og ståstad - at regionen har ein felles strategi og plan for ulike avgjersler og milepælar som skal gjerast fram mot sommaren. Døme på dette er t.d. folkemøte, spørjeundersøkingar og eventuelle folkeavstemmingar.</p> <p>Fylkesmann Lars Sponheim og Ole Bakkebø var til stede i møtet. Sponheim peika på at tida går fort og at kommunane no ikkje har meir tid enn dei treng for å gjera jobben.</p> <p>Vedtak: Kommunereformprosessen i Nordhordland vidare - råd frå Regionrådet 19. november 2015.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Regionrådet ber om at reformprosessen i sør (Lindås, Meland, Radøy) og i nord (Gulen og Masfjorden) vert gjennomført så raskt så mogeleg innan midten av februar 2016. 2. Det store Nordhordlandsalternativet vert vurdert på nytt frå februar til april med bakgrunn i dei avtalar som er forhandla fram - og avklaring av ytre forhold som inntektssystem og meir - og avhengig om nokon vil slutta seg til de alternativa (nord og sør) som er forhandla fram. 3. Regionrådet brukar resterande midlar mottatt frå fylkesmannen til å førebu sluttforhandlingar om sør- og nordalternativet og / eller bistår kommunane i sitt reformarbeid fram til mars.
<p>Sak 48/15</p>	<p>Meldingar og eventuelt Ikkje noko.</p>

Knarvik, 30. november 2015

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS